

ÅRSMELDING FOR 2016

Verksemnda

Sund vatn og avlaup AS sitt vedtektsfesta føremål er: kjøp, utbygging, drift og vedlikehald av vass- og avlaupsanlegg i Sund kommune, og andre oppgåver knytte til det. Selskapet vart skipa 12.11.1998. Frå 01.01.2000 overtok selskapet ansvaret for drift og utbygging av offentlege vass- og avlaupsanlegg i kommunen. Frå 01.01.2002 overtok selskapet ansvaret for tømning av private slamavskiljarar. Selskapet har ikkje forskings- eller utviklingsprosjekt.

Personal- og organisasjonsforhold

Selskapet har pr. 31.12.2016 ti tilsette, tre kvinner og sju menn: dagleg leiar, kontorleder, 1½ stilling knytt til byggjeleing, ½ stilling i samband med gjennomgang kundebase og 5½ stilling knytt til drift.

Sidan arbeidsoppgåvene kan utførast av begge kjønn, er det ynskjeleg at også kvinner søker ledige stillingar.

Styret har fem medlemmer, to kvinner og tre menn.

Arbeidsmiljø

Arbeidsmiljøet er godt. Det er ikkje registrert ulykker med personskade. Sjukefråværet i 2016 var 2,94 %. Korttidsfråværet var 3,38 %.

Ytre miljø

Selskapet vidarefører utslepp av avlaupsvatn frå offentlege anlegg til sjø. Utover utslepp av avlaupsvatn har verksemnda i 2016 ikkje hatt spesiell påverknad på det ytre miljøet.

Vidare drift

Rekneskapen er gjort opp under føresetnad av vidare drift av selskapet.

Resultat

Selskapet hadde ei driftsinntekt i 2016 på kr 29 773 337,- i form av vassgebyr, avlaupsgebyr, gebyr for slamtømning og andre driftsinntekter. Resultatet av finanspostar, kr -2 043 880,-, er i hovudsak renteinntekt på bankinnskott og rentekostnad på lån.

Året er gjort opp med eit overskot på kr 2 169 235,-.

Drift

Vaktordning og driftsovervaking

Selskapet har ei vaktordning som handterer alarmtelefonar og andre meldingar om driftsproblem. Vassverka, høgdebassenga og dei fleste pumpestasjonar for avlaup er knytte til eit anlegg for driftsovervaking. Tidleg varsling av feil og tilgang til informasjon om drifta gjer at ein stort sett kan hindra ulemper for abonnentane.

Avlaupsanlegga

Drifta ved avlaupsanlegga er i hovudsak stabil og god. Det vil framleis vera behov for å vidareføra tiltak for å utbetra eldre leidningar.

Vassverka

Tiltak for å sikra stabil og sikker levering av vatn i ulike driftssituasjonar har også i 2016 hatt høg prioritet gjennom drifta av vassverka. I 2016 er Stranda/Glesnes vassverket modernisert, dette gjev høgare driftstryggleik og betre HMS i produksjonsprosessen.

Utbygging

Planar og gjennomføring

Vass- og avlaupsanlegga i Sund vert bygde ut etter prioriteringa i hovudplanane for vatn og avlaup. Hovudplanane for perioden 2015–2025 er utarbeidde av Sund kommune og vart vedtekne av kommunestyret 16.06.2015. Framdrifta for utbygginga vert tilpassa tilgjengeleg kapital i form av vass- og avlaupsgebyr, og tilpassa framdrifta for veganlegg som inngår i samordna utbygging. Det er eit overordna mål at ein med utbygging av vass- og avlaupsanlegg skal leggja til rette for bustadbygging i alle bygdene i Sund, og sikra god vassforsyning til industrien.

Ein har lykkast godt i å kombinera utbygging av VA-anlegg med andre tiltak, som vegutbetring, gang- og sykkelveg og veglys. Sund VA har teke kostnaden med VA-anlegga, medan Sund kommune og Statens vegvesen har finansiert andre tiltak. Utbygginga av VA-anlegga har dei siste åra ført til omfattande opprusting av vegnettet i kommunen, fordi ein ved å leggja til rette for samordna utbygging oppnår god økonomi for alle partar. Sund VA har forskotert prosjekteringskostnadene gjennom planfasen, og elles teke på seg dei oppgåvene som har vore naudsynte for å kunna planleggja og gjennomføra prosjekta.

Den utbygginga som er gjennomført, hadde ikkje vore mogleg utan den store velviljen som prosjekta har møtt hos Statens vegvesen, Hordaland fylkeskommune og andre styresmakter, grunneigarane og andre samarbeidspartnarar.

I 2016 har det vore oppstart av utviding og trafikksikring av FV-201 Eide-Spildepollen-Kausland. I samband med utbygginga, vert det ei sikrare vassforsyning for Telavåg og Kausland området.

Kørelen vassverk

Prosesen kring klausulering av vasskjelda og tilsigsområda i både Fjell kommune og Sund kommune skal halda fram også i 2017. Fjell kommune vedtok i 2011 ein revidert hovudplan for vassforsyning der Kørelen inngår som framtidig vasskjelde. Det vert lagt opp til å innarbeida regelverk for å sikra nedbørfelt og vasskjelde i kommuneplan og/eller kommunedelplan, samordna mellom kommunane Fjell og Sund.

Søknad om konsesjon for framtidig vassuttak for Fjell og Sund kommunar er sendt NVE som står for den vidare høyringsprosess og sakshandsaming etter vassressurslova. Søknaden vart lagt ut til høyring 2015, og prosessen er ikkje avslutta i 2016. Rett til dagens uttak av drikkevatt for Sund kommune, ut frå vassressurslova, er avklara gjennom at NVE har gjeve konsesjonsfritak. Vassuttak i høve til grunneigarrettar skal avklarast i samband med klausuleringa.

Utbygging Eide – Vorland

Vegprosjektet vart fullført med rasteplassen på Vorland, som vart ferdigstilt sommar 2016. Med denne fine plassen har Sund fått ein framifrå stoppestad for både innbyggjarar og turister.

Utbygging Eide – Spildepollen

I samarbeid med Statens vegvesen og Sund kommune vart det i 2016 igangsett utbygging av fortau/gang- og sykkelveg, opprusting av veg, trafikksikring og nye VA-leidningar. Prosjektet er stedvis krevjande, grunna høge fjellparti. Utbygginga vil binda saman Kørelen vassverk med Glesnes og Telavåg. Prosjektet ferdigstillast sommar 2017.

Planarbeid Vorland – Forland

I samarbeid med Statens vegvesen og Sund kommune er det utarbeidd planar for utbygging av gang- og sykkelveg, opprusting av veg, trafikksikring og nye VA-leidningar. Det har parallelt vore arbeid med reguleringsplan, detaljplan og gjennomføring av grunnerverv. Reguleringsplan er godkjend. Finansieringa av vegbygginga er ikkje avklara.

Planarbeid Kausland – Goltakrysset

Det har vore gjennomført grunnerverv på heile strekninga og innleiande samtaler angående finansiering. Finansieringa av vegbygginga er ikkje avklart.

Planarbeid FV-198 Klokkarvik

Det har vore gjennomført grunnerverv på heile strekninga og innleiande samtaler angående finansiering. Finansieringa av vegbygginga er ikkje avklart.

VA-gebyr

Nye forskrifter og regulativ vart vedteke av kommunestyret i 2016. Nytt regulativ gjeldande frå 01.01.2017, har identiske einingsprisar i høve til tidlegare regulativ. Skilnaden er på struktur. Dei fleste særkategoriar er fjerna, unntake naust og forsamlingshus. Arealkategoriar er erstatta med individuell berekning i samsvar med den enskilde eining matrikkelareal. Det er også satt eit maksimalareal på 200m² for bustader og 600m² for næring.

Hovudplanane for vatn og avlaup, og langtidbudsjettet for selskapet, legg opp til at gebyra skal regulerast med den årlege generelle pris- og kostnadsveksten. Det er kommunestyret som fastset gebyra.

Midtstegen, 31.12.2016
10.05.2017

Sund vatn og avlaup AS

Styret



Bjørn Ove Børnes




Wenche Hamre Kauffman



Geir-Elling Nygård

Liv Trellevik



Michal Forland
dagleg leiar



Jan Rune Skoge